

 GULEN KOMMUNE	
Saknr. 08/1244	Løpnr. 2363/09
28 MAI 2009	
Emnekode T31	Overkode
Saksbehandler	Kont
Gradering	

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

15.5.2009

UTTALE TIL MELDING OM NY KRAFTLEDNING MODALEN – MONGSTAD, TRASEEN MATRE – MONGSTAD, MASFJORDEN OG GULEN KOMMUNAR.

Vi viser til orienteringsmøte om meldinga som NVE og BKK stod for 30. mars i Nordbygda Samfunnshus. På dette møte uttrykte fleire grunneigararar på både Gulensida (Steine) og Masfjordsida (Ytre Haugsdal) av fylkesgrensa uro over den traseen som vart presentert, med ny linje framføring på austsida av Steinsvatnet og i retning Postvågen der ein ville gå over til sjøkabel på tvers av Fensfjorden til Mongstad.

Bakgrunnen for dette er at denne traseen vil krysse noverande og framtidig bustadbygging. Grunneigarane både på Steine og Ytre Haugsdal vil tilrå NVE og BKK heller å greie ut ein alternativ trase mellom dagens høgspensttrase som den nye linja skal fylgje og knutepunkt for sjøkabel over Fensfjorden.


Vårt forslag til alternativ trase vil gå frå same punkt som utkastet i meldinga ved Svelivatnet og mellom Steinesfjellet og Vardefjellet, langs fylkesgrensa i dalføret Ildalen til eigna knutepunkt i strandlinja i Ildalen/ Krokesunda. Vi vil tilrå at utgreiingsalternativet vert basert på jordkabel det siste stykket, mellom Steinsfjellet og Vardefjellet, og ned til sjøknutepunktet i Ildalen, ca. 2 km.


Denne kabeltraseen vil gå parallelt med fylkesgrensa, og sjøknutepunktet bør etter vår mening ligge på vestsida av grensa (Gulen).


Vi ber og om at traseen for sjøkabel ut frå Ildalen, vert plassert slik at den ikkje er til hinder for småbåttrafikken gjennom Krokesunda.


Vi håper forslaget får støtte!

Med helsing



Jon Ivar Steine


Terje Wergeland



Jørgen Steine



Helge Fivelsdal

Grunneigarar Steine, alle adresse 5960 Dalsøyra



Jannicke Johnsen


Rune Romarheim


Raymond Haugsdal


John Torsvik

Grunneigarar Ytre Haugsdal, alle adresse 5986 Hosteland


Arn Tore Haugsdal

Jonny Haugsdal

Grunneigarar Ytre Haugsdal, alle adresse 5986 Hosteland

Kopi: BKK, Gulen Kommune 5966 Eivindvik, Masfjorden Kommune 5981 Masfjordnes